



#### KrF vil:

- Innføra kommunalt fritidskort til alle mellom 6 og 18 år.
- Innføra kommunal kontantstøtte for barn mellom 20-23 månadar.
- Vektlegga barnas beste i spørsmålet om framtidig skulestruktur.
- Vera ein pådrivar for trygg skuleveg og effektiv skuleskyss for alle skuleelevar.
- Sikra meir leik i småskulen.
- Arbeida kontinuerleg for å hindre mobbing og utanforskap i skulen; særleg fokus på digital mobbing.
- Ha ein mobilfri barne- og ungdomsskule.
- Arbeida for tilrettelegging og vidareutvikling av rusfrie møteplassar for ungdom.
- Ha utvikling og oppfølging av tiltak knytt til rusførebygging, til dømes kampanjen Rocket-Man.

#### Næringsliv

«ATTRAKTIVE ARBEIDSPLASSAR»

#### KrF vil:

- Vera pådrivar for etablering av kraftkrevjande industri som gir reelle arbeidsplassar og ringverknadar for bygdene.
- Vera pådrivar for etablering av attraktive arbeidsfellesskap i bygdene.
- Utvikla ei berekraftig turisme-næring i tilknyting til nasjonalparkane og verdsarven vår.
- Leggja til rette for tilgjengelege næringsareal i heile kommunen.
- Stilla tydelege miljøkrav til kommunale prosjekt.
- Stimulera til fleire læreplassar, både i kommunen og i privat næringsliv.
- Gjeninnføra arbeidslivmesse for ungdomsskuleelevar, for fronting av lokale arbeidsplassar.
- Verna om det beste landbruksarealet i kommunen.
- Ha ekstra satsing på «neste generasjon» i landbruket.
- Prioritera tilskot til ombygging frå båsfjøs til lausdrift.
- Påverka forvaltinga for raskare uttak av rovdyr.



## Lokalsamfunn

### «LEVANDE LOKALSAMFUNN»

#### KrF vil:

- Arbeida for innbydande og opne sosiale møteplassar for alle generasjonar i alle lokalsamfunn.
- Utvikla digital marknadsføring av Luster, med målsetting om auka tilflytting.
- Gjeninnføra tilskotsordninga for spreidd bustadbygging.
- Heilskapleg og framtidsretta sentrumsutvikling i Gaupne og på Hafslø.
- Utvikla kultur-fasilitetar som og legg til rette for generasjonsmøte i tilknyting til nytt helse- og omsorgssenter i Gaupne.
- Ønskjer velkomstpakke til nye innbyggjarar i Luster.
- Ha eit tett samarbeid med trus- og livssynssamfunna i kommunen, og anerkjenne arbeidet desse gjer for lokalsamfunna.
- Halde fram med god integrering av flyktingar.
- Vidareutvikla populære aktivitetsområde som t.d. Sogn Skisenter.
- at eigedomsskatt på bustad ikkje skal gjeninnførast.



## Helse, omsorg og eldre

### «VERDIG ALDERDOM»

#### KrF vil:

- Arbeida for framtidsretta omlegging av helsesektoren, rigga for eldrebølga og tilgang på kompetanse.
- Utvikla eit aldersvenleg samfunn med sentrumsnære eldrebustadar.
- Godt samarbeid med ideelle og private tilbydarar, særleg innan rus og psykiatri med fritt behandlingsval. Stø heilskapleg behandling med godt ettervern.
- Luster skal vere ein «demensvenleg kommune».



## Elles brenn me for

- INTERNASJONALT ANSVAR: Venskapskommune i eit anna land.
- BEREKRAFTIG verksemrd: Løfte miljø og berekraft som eit viktig fokusområde i kommunen si verksemrd; målretta tiltak som reduserer vårt miljøfotavtrykk.
- BLOMSTRANDE FRIVILLIGHET: Gje idrettslag, bygdelag, trus- og livssynssamfunn, samt andre frivillige lag og organisasjonar, gode rammevilkår.